

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Torsdag 4.4 og fredag 5.4 2019

Stad: Gol, Gol kommunehus (sak 17-19), Oset Høyfjellshotell

Desse møtte frå Regionrådet:

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Petter Rukke,	Hol kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Helge Feet,	Gol kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Desse møtte frå administrasjonen

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Desse møtte frå rådmannsutvalet

Tone Tveito Eidnes,	Ål kommune
Karsten Popp Dideriksen,	Ål kommune (påtroppande rådmann)
Hege Mørk,	Gol kommune
Jan Olav Helling,	Hemsedal kommune
Henrik Skovly,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

SAK 17-19 DRØFTING, EVENTUELT FELLES FORLIKSRÅD FOR HALLINGDAL

Leiarane i forliksråda i Hallingdal og politiet orienterte og deltok i drøftingane.

- Anders Olav Frydenlund, Flå forliksråd
- Nils Rodegård, Nes forliksråd
- Kirsten Marie Brenno, Hemsedal forliksråd
- Ludvig Munkejord, Gol forliksråd
- Torleif Dalseide, Ål forliksråd:
- Annbjørg Næsse, Hol forliksråd
- Brit Fyksen, lensmann i Hallingdal
- Pål K. Mikkelerud, politikontakt Hallingdal

Vedtak

1. Med bakgrunn i drøfting med leiarar i Forliksråda i Hallingdal vil Regionrådet for Hallingdal oppmode forliksråda i samarbeid med politiet om å setja i gang eit arbeid med å vurdere felles forliksråd for kommunane i Hallingdal.
2. Framdrift i arbeidet bør vera slik at event. felles forliksråd kan bli etablert i samband med neste val av forliksråd, 2020.

SAK 18-19 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 22.2.2019

Vedtak

Protokollen 22.2.11.2019 er godkjent.

SAK 19/19 INNKJØPSSTRATEGI, KOMMUNANE I HALLINGDAL**Vedtak**

Saka blir sendt til Rådmannsutvalet for vidare vurdering, før saka blir handsama i Regionrådet 28.juni 2019

SAK 20-19 OVERFØRING KOMMUNESTYRER, ORIENTERING

Knut Jacob Larsen IKT Hallingdal orienterte, vedlagt presentasjon.

Regionrådet for Hallingdal såg på forslag om bruk av kommune TV som interessant og vil ta opp dette som konkret sak etter kommunevalet 2019.

SAK 21-19 HANDLINGSPROGRAM STRATEGISK PLAN FOR HALLINGDAL

Regionrådet og rådmannsutvalet drøfta forslag til handlingsprogram til Strategisk plan for Hallingdal for 2019.

Vedlagt forslag til handlingsprogram blir teke opp som eigen sak på Hallingtinget 3.mai 2019

SAK 22-19 EVENTUELT**Analyse av kommuneregioner/regionrådsstruktur.**

NIVI Analyse AS er engasjert av Viken for å gjera ei analyse av kommuneregionar/regionrådsstruktur i Viken. Geir Vinsand frå NIVI Analyse orienterte og gjekk gjennom problemstillingane, vedlagt presentasjon. Saka vart grundig drøfta utan at det vart trekt konklusjonar. Problemstillingane vil bli teke med i det vidare arbeidet i forhold til Hallingdal sin posisjon i Viken.

Skattlegging av vasskraftverk

Odd Egil Stavn orienterte om arbeidet som er sett i gang med ekspertutval som skal vurdere skattlegging av vasskraftverk. Regionrådet vil følgje med i denne saka.

Skogbrannberedskap

Rådmannsutvalet orienterte om felles skogbrannberedskap for Hallingdal

Norsk Reiselivsfagskole

Dagleg leiar orienterte om status Norsk Reiselivsfagskole

SAK 23-19 SAMARBEIDSMOGELEGHEITER OG TILRETTELEGGING FOR TOPPIDRETT I HALLINGDAL

Jorunn Horgen, Olympiatoppen Sørøst orienterte om arbeidet og satsingane til Olympiatoppen Sørøst og samarbeidsmogelegheiter og tilrettelegging for toppidrett i Hallingdal, vedlagt presentasjon.

Eige prosjekt «i vinteridrettsregionen Hallingdal» vart lansert, drøfta og positivt motteke.

Det vil vera aktuelt å ta dette opp som sak i Regionrådet 30.8.2019.

Hallingdal 10.4.2019

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar

Vedlegg:

- Sak 20-19 Overføring av kommunestyre, kommune tv, presentasjon
- Sak 21-19 Forslag handlingsprogram Strategisk plan for Hallingdal 2019
- Sak 22-19 Analyse av kommuneregioner og regionrådsstruktur i Viken
- Sak 23-19 Samarbeidsmoeglegheter og tilrettelegging for toppidrett i Hallingdal, presentasjon